



BETJENTANE: Halvparten av kurstdeltakarane er fengselsbetjentar, her

representert ved Anne Berit Olsen, Peter Rungran og Marte Karoline Sollien. Stig Rune Grønsberg gir råd i kontraktsforhandlingane, t.h. Bjørn Sæbø.

# Enorm interesse for bridge

**VIK:** Bridgen i bygdene slit blytungt med rekrutteringa. I Vik kan klubben sitja igjen med ein bråte kursdeltakarar.

Ein grang. Ein spa. To hjarter. 15–17 poeng. Balansert hand. Lytt på meldingane.

Dette er ord og uttrykk brukte i samling nummer åtte på Vikøyri.

## Stødig undervising

Kurset i regi Vik bridgeklubb lokka så mange som 21 deltagarar, etter kvart har tre-fire kasta korta og det er heldt normalt i dette gamet.

– Ein finn ganske kjapt ut om bridge er interessant nok, seier Olav Fimreite som har vore kursleiar ein drøs gonger i regi Vik bridgeklubb.

Pensjonisten brukar

stødige pedagogiske evner frå tida som skulelærar, sjølv vart han hekta på spelet i Tromsø.

– Eg var i marinen og der vart eg kjent med bridge. Sidan har eg vore aktivt.

## Treng nytt blod

Olav Fimreite er eit kjent namn i bridgemiljøet på Vestlandet og figurerte høgt oppå listene i lag med makkeren Ragnvald Bolvoll.

No håpar Fimreite, og kursleiar Stig Rune Grønsberg, at klubben får inn nytt blod.

– Det er klubbar som er verre stilte enn oss med tanke på oppslutnaden rundt om i bygdene. Ingen ting er betre enn at me får inn fleire av kurstdeltakarane, seier Stig Rune Grønsberg, bridgespelar sidan midten av 90-talet.

– Kva er det som er så fascinerande med bridge?

– Den dagen samarbeidet med makkeren tek til å sitja,

då er det verkeleg moro.  
– Og så blir ein aldri utlærd.

## Saknar 40+


Stig Rune Grønsberg var pådrivaren med å få i sving dette kurset. Fengselsbetjenten reklamerte for kortspellet flittig på Facebook og på arbeidsplassen. Og akkurat det vart suksess til gangs. Halvparten av kurstdeltakarane er kollegaer.

– Eg er veldig nøgd med deltagarar i aldersgruppa 20-30, men overraskende nok liten interesse hjå dei mellom 40 og 50, seier Grønsberg som kunne tenkt seg fleire av dei.

– Me vil ha ein hobby i lag og så lærer me noko nytt, seier sambuarane Bente Ask og Karl André Dale.

– Vanskeleg?

– Ja, det blir ein del å halda styr på når teorien skal overførast i praksis. At kursleiarane er dyktige, er til stor hjelp. Me byrja sein og vart oppdatert av Stig Rune på ein, to, tre og var à jour då me møtte til fjerde



**BRIDGE- OG KURSEKSPERTEN:** Olav Fimreite, pensjonert lærar og inspektør, har i årevis vore ein fantastisk ressurs for Vik bridgeklubb, i bakgrunnen Arnstein Austreim, Anne Berit Olsen, Marte Karoline Sollien, Peter Rungran og Linn Grønningen.

## kursrunde, seier Bente Ask.

– Det blir bridge resten av livet?

– Me skal i alle fall fullføra kurset.

## Eit par sjølvstuderte

– Eg vart dregen med av Stig. Og det er ikkje så mykje å finna

på for ein fersking i bygda, men eg visste ikkje kva eg gjekk til, seier pliktårsbetjent Marte Karoline Sollien.

Peter Rungran er nysgjerrig.

– Bøker er skrivne om bridge, då må det vera ganske siørest.

Hin kvelden var Rungran



**INNFIRDDE:** Bente Ask klarde kontrakten og noterer innsatsen på poengoversikta. Ragnvald Grov Sørdal brukar kurset til å friska opp sjølvstudert kunnskap.

makkeren til Bjørn Sæbø som har vore med i Vik bridgeklubb to–tre år. Og det utan kursing. Sjølvstudert i kortspellet, altså.

Samleis med Ragnvald Grov Sørdal.

Snart kan det bli andre bollar ved bridgeboden for dei to klubbmedlemene den

kvelden kurset på Kafé Øyri er avslutta.



Gunnar Kleven  
gunnar.kleven@sognavis.no

■■■ Halvparten er fengselsbetjentar

■■■ Saknar 40- og 50-åringane